

Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad

Postboks 1

6740 SELJE

maria@seljaogstad.no

Tlf. 466 53 072

Selje, 23.10.2016

Næringsavdelinga Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fylkesutvalet

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Askedalen 2

6863 LEIKANGER

## **Klage på vedtak, sak nr. 16/3884-32, løpenr. 32213/16**

Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad viser til vedtak om avslag på søknad om midlar til prosjektet Produktutvikling i Selje, motteke 3. oktober 2016, og ynskjer søknaden vurdert på nytt.

### **Bakgrunn**

Årsaka til klagen er grunngevinga for avslaget, som slik stiftinga les vedtaksbrevet er følgjande:

- Rapporten og rekneskapen for forprosjektet Bedriftsnettverk Selje og Stad, sendt Innovasjon Norge, er mangelfull
- Stiftinga stod utan dagleg leiar då vedtaket vart fatta

### **Grunngeving og utdjuping**

Klagen grunnjevast med desse argumenta:

- 1) Stiftinga har tilsett ny dagleg leiar

Hovudargumentet i klagen er at stiftinga 1. oktober tilsette ny dagleg leiar; kort tid etter at vedtaket vart fatta og før vedtaksbrevet kom stiftinga i hende. I overgangsperioden frå tidlegare dagleg leiar gjekk av og fram til tilsetjinga, fungerte arbeidsutvalet som ansvarleg for drifta. Stiftinga har dermed hatt kontinuerleg drift også i perioden der ein formelt har stått utan dagleg leiar.

## 2) Stiftinga leverer rapport og rekneskap innan kort tid

Når det gjeld forprosjektet Bedriftsnettverk Selje og Stad er stiftinga innforstått med- og beklagar at rapport og rekneskap sendt til Innovasjon Norge er mangelfull. Med ynskje om å rette opp i dette leverer stiftinga rapport, rekneskap og signert intensjonsavtale for forprosjektet til Innovasjon Norge snarleg, trass utsett frist til februar.

Dersom stiftinga går vidare med bedriftsnettverk hovudprosjekt, vil vi tilknytte oss ekstern, høgt kvalifisert kompetanse.

## 3) Avslutting av allereie påbegynt prosjekt vil vere uheldig

Å skape ein fungerande og tilfredsstillande infrastruktur i Selje kommune er ei stor utfordring og ei nødvendighet; for Selje som turistkommune og som trivselskommune for innbyggjarane.

Stiftinga er godt i gang med prosjektet Produktutvikling i Selje, og meiner at det frå eit økonomisk og samfunnsmessig perspektiv vil vere uheldig og lite teneleg at arbeidet stoppar midt i prosessen. Blant arbeidet som er påbegynt er informasjonsformidling i form av skilting, nettside, utstillingar og visningsrom, kvalitetssikring av guida tilbod til Selja kloster og helgenanlegg, og arbeid med å skape trivelege og innbydande sentrumsområde på Stadlandet, Flatraket og i Selje.

Synlege, konkrete endringar skapar optimisme og engasjement blant bedriftene og innbyggjarane, og ringverknadene av å få tildelt midlar til infrastruktur vil derfor vere mange og positive.

Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad håpar Sogn og Fjordane fylkeskommune ved ei ny vurdering vil gje tilslag på søknaden om støtte til prosjektet, slik at vi det komande året i større grad kan vere med på å syne fram og tilgjengeleggjere Selje kommune – slik kommunen fortener å framstå.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon.

Vennleg helsing



Maria Vengen

- dagleg leiar -

Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad